

# STATUSRAPPORT



15.09.2015

NRK Nynorsk mediesenter

I Stortingsmelding 38, om allmennkringkasting og mediemangfald, står regjeringa fast på kravet om minst 25 % nynorsk i NRK. Statssekretæren i Kulturdepartementet seier at NRK er så langt frå å oppnå kravet at det må stå ved lag. I denne rapporten samlar vi det som står om nynorsk i NRK i stortingsmeldinga om Allmennkringkasting.

NRK Nynorsk mediesenter er NRK sitt rekrutteringstiltak for meir nynorsk i media. Per dags dato har vi lært opp 110 nynorskpraktikantar, og 62 % av dei arbeider i media.

## Kravet om minst 25 % nynorsk i NRK står ved lag

Om nokon har drøymt om at NRK skulle bli kvitt kravet om minst 25 % nynorsk, så går ikkje draumen i oppfylling i Stortingsmelding 38: Open og opplyst - allmennkringkasting og mediemangfold. Der står regjeringa fast på kravet om minst 25 % nynorsk, på alle plattformer, i NRK. Det var heller ikkje noko ynskje frå NRK å sleppe dette kravet.

På opninga av Dei nynorske festspela i Ørsta 25. juni, sa statssekretær Bjørgulf Vinje Borgundvaag, i Kulturdepartementet, at NRK er så langt frå å oppnå kravet at det må stå ved lag.

- I Medietilsynet sin rapport om allmennkringkasting kom det fram at NRK berre fyller krava til nynorsk i to av seks hovudkanalar. Eg er glad for at NRK arbeider målretta for auka rekruttering av medarbeidrarar som brukar nynorsk. Når regjeringa no la fram Stortingsmelding om Allmennkringkasting var det viktig for oss å oppretthalde kravet om 25 % nynorsk hjå NRK, sa Bjørgulf Vinje Borgundvaag.

Han sa også at regjeringa meiner at bruken av nynorsk ikkje bør detaljregulerast ytterlegare.

- Men verkemiddel i lovverket kan truleg målrettast betre enn i dag. Noko er oppnådd, noko står att å få til. Vårt utgangspunkt vil vere å kome fram til reglar som er enklast mogleg å praktisere og som balanserer ulike omsyn. Me må finne fram løysingar som kan få fleirtal, som kan vere berekraftige på sikt, og som er tillitsvekkande i eit moderne samfunn.

I Stortingsmeldinga står òg at mange mållag rundt i landet understreka trøngen for å føre vidare nynorsk-delen på minst 25 prosent.

**Språkrådet** skreiv dette i høyringsfråsegnna si:

- Nynorskprosenten er et svært viktig virkemiddel for å styrke nynorskens posisjon i samfunnet. I prinsippet er de to målformene våre likestilte, men i praksis opplever nynorskbrukerne mye mindre eksponering for sin målform enn bokmålsbrukerne på nasjonalt nivå. Derfor er NRKs bruk av nynorsk viktig.

Vidare i meldinga står det at "fleire av høyringsinstansane argumenterer også for at NRKs nynorsksenter må ha gode vilkår" (Kjelde kap 9.3.1.1)




Bjørgulf Vinje Borgundvaag (Foto: Malin Nordby Kvamme)

## I Stortingsmelding 38, kap. 9.3.2.1 Nynorsk står det:

NRKs nynorskkrapa ligg i dag på 25 pst. Medietilsynets allmennkringkastingsrapport for 2014 viser at NRK oppfylte nynorskkrapet i to av dei seks noverande hovudkanalane, P1 og NRK 2, men ikkje i dei resterande TV- og radiokanalane eller på nrk.no. Samla sett når difor ikkje NRK nynorskkrapet på 25 pst. Særleg låg var nynorskdelan på nrk.no (16 %). Samstundes peiker Medietilsynet på at NRK har arbeidd med å styrke språktilbodet sitt på lang sikt gjennom opplæring av nynorskpraktikantar ved Nynorsk mediesenter. NRK har også vunne fleire priser for målbruk.

Departementet vil understreke at NRK har eit viktig ansvar for å formidle nynorsk og meiner at språkpolitiske omsyn klart talar for at nynorskkrapet på 25 pst. bør førast vidare.

Departementet føreset at NRK arbeider med å styrke nynorskdelan på radio, TV og Internett. NRKs språkpolitiske rolle og tyding tilseier også at dette krapet blir gjort synleg som eitt av elementa i den nye overordna NRK-plakaten som departementet føreslår i kapittel 17.



## NRK-PLAKATEN:

§ 1 NRK skal ha som formål å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet.

§ 2 NRK skal vareta ytringsfridom og ytringsvilkår for borgarane. NRK skal vere redaksjonelt uavhengig og vere balansert over tid. NRK skal bidra til å fremje den offentlege samtala og medverke til at heile befolkninga får tilstrekkeleg informasjon til å kunne vere aktivt med i demokratiske prosessar.

§ 3 NRK skal ha eit sjølvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfaldet.

§ 4 NRKs allmennkringkastingstilbod skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga. NRK skal ta omsyn til funksjonshemma i utforminga av tilbodet sitt.

§ 5 NRK skal styrke det norske og dei samiske språka, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. Ein stor del av tilbodet skal ha norsk forankring og avspegle det kulturelle mangfaldet i folket. NRK skal ha daglege sendingar for den samiske befolkninga. NRK skal ha program for nasjonale og språklege minoritetar.

§ 6 NRK skal formidle norsk kultur og ein brei variasjon av norske kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, ubunde miljø og kulturinstitusjonar. NRK skal formidle norsk musikk, film og drama og stimulere norske produksjonsmiljø.

§ 7 NRKs tilbod skal spegle Noregs religiøse arv og mangfald av livssyn og religion i det norske samfunnet.

**§ 8 NRKs tilbod skal i hovudsak ha norskspråkleg innhald, og minst 25 pst. av innhaldet skal vere på nynorsk.**

§ 9 NRK skal reflektere det geografiske mangfaldet i Noreg og ha eit godt lokalt tilbod og lokalt nærvær.

§ 10 NRKs tilbod skal i hovudsak vere av redaksjonell karakter. NRK skal streve etter høg kvalitet, mangfald og nyskaping. NRKs tilbod skal ha tematisk og sjangermessig breidde. NRKs tilbod skal appellere til alle aldersgrupper.

§ 11 NRK skal fremje borns rett til ytringsfridom og informasjon, og skjerme borna mot skadelege former for innhald. NRK skal ha norskspråklege program for born under 12 år, jamlege norskspråklege program for unge, og jamlege program for born og unge på dei samiske språka.

§ 12 NRK skal leggje til rette for at styremaktene kan nå ut til befolkninga med informasjon over kringkastingsnetta ved nasjonale kriser og katastrofar.

## Kull 23: - Her legg dei ingenting i mellom



**Kull 23 Frå venstre: Elise Sundfør Erdal, Thomas Brakstad, Kjersti Anderdal Bakken, Even Lusæter og Line Omland Eilevstjønn**  
(Foto: Randi Indrebø/NRK)

Dei byrja som nynorskpraktikantar 24. august, men har alt hatt fleire saker på lufta i NRK Sogn og Fjordane. For målet er at øvingsoppgåvene skal bli så gode at vaktsjefane vil sende dei. Her er nynorskpraktikantane sine fyrsteinntrykk etter tre veker:

**Elise Sundfør Erdal** (1986), Rogaland: - *Eit veldig profesjonelt opplegg med dyktige og erfarte lærarar som bruker mange forskjellige døme i undervisninga for å illustrere og understreke ulike poeng. Ved å få undervisning i ei så lita gruppe gjer dette at kvar einskild får tilpassa opplæring og konkrete læringsfremjande tilbakemeldingar der læringskurva er bratt og utbyttet blir stort.*

**Thomas Brakstad** (1989), Hordaland: - *Opplæringa har vore som forventa, men det er mykje informasjon som skal inn på kort tid. Ein lærer nye ting kvar dag og tankane eg hadde om at den første tida berre var teori har vist seg å vera feil. Allereie i veke 2 fekk me laga eigne saker, som vart sendt på radio og lagt på nett. Opplæringa er strukturert og ein får hjelp med alt ein lurer på.*

**Kjersti Anderdal Bakken**, (1990), Buskerud: - *Dei kallar det ein hestekur i journalistikk, og det er ikkje utan grunn. Kvar dag går me heim med hovudet fylt med ny kunnskap og gode erfaringar. Etter berre tre veker har eg lært utruleg mykje. Eg gler meg til fortsetjinga!*

**Even Lusæter** (1979), Oppland: *Ein har ikkje problem med å sove om natta etter ein dag på mediesenterloftet. Det er intense og lærerike dagar, og det er kort veg mellom opptur og nedtur. Men det er høgt nivå på førelesarane, trivelege praktikantkollegaer og tolmodige faglærarar. Og eg gjer stort sett det faglærarane trur meg til, men eg kunne ofte ynskt dei ikkje hadde så god tru på meg.*

**Line Omland Eilevstjønn** (1993), Telemark: - *Allereie etter fyrste veka ved NRK Nynorsk mediesenter kjende eg at det var godt med helg. Eg var langt ifrå trøytt og lei, men eg hadde hatt ei så bratt læringskurve over fem dagar at eg trong to dagar til å fordøye all den nye kunnskapen. Dei flinke faglærarane legg ingenting imellom her på loftet, og det er då ein lærer best.*

## To nye har fått fast arbeid

Sidan førre statusrapport i mai har to tidlegare nynorskpraktikantar fått seg fast arbeid i NRK. Det er Hanne Våge og Jon Bolstad. Medrekna dei har fem tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i NRK sidan nyttår, to i Bergen og tre i Trondheim.

**Hanne Våge** (1992) er tilsett som vaktsjef/reporter i P3Nett på Tyholt. Ho var nynorskpraktikant på kull 18, våren 2013, og hadde ekstern praksis i P3Nyhenda.

Jamsides studiar har ho vore vikar/tilkallingsvikar på Tyholt etterpå. Hanne har studert medievitskap og spansk ved NTNU, og vore aktiv i studentmedia der. Hanne Våge er frå Stord.



Hanne Våge (Foto/NRK)

**Jon Bolstad** (1987) er tilsett som reporter i NRK Hordaland, der han har arbeidd både med nett, radio og fjernsyn.

Han var nynorskpraktikant på kull 17, 2012/13, og hadde ekstern praksis i NRK Sogn og Fjordane. Reiste deretter til Bergen for å fullføre ein Bachelor i Nye medier og arbeide for NRK Hordaland.

Jon Bolstad er frå Sogndal.



**Jon Bolstad** (Foto: Leif Rune Løland/NRK)

## Ny formulering ved *interne* utlysingar

**Personaldirektør Olav Nyhus har bestemt at når NRK lyser ut stillingar internt så skal det stå i utlysingsteksten at berre fast tilsette og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter kan söke på desse stillingane.**



**Olav Nyhus** (Foto: Ole Kaland/NRK)

Framlegget kom frå NRK Hordaland, som ynskte samsvar mellom utlysingsteksten og det faktum at berre dei tre kategoriane kan få internt utlyste jobbar.

Formuleringa frå 30. juli 2015 lyder slik: **På grunn av dagens bemanningssituasjon i NRK er det berre fast tilsette medarbeidarar og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter som kan sökje på denne stillinga.**

*- Det har vore mykje forvirring, både blant leiarar og tidlegare nynorskpraktikantar/FleRe-stipendiatar, om kven som kan sökje og få internt utlyste stillingar. No vert det tydeleg for alle og det er eit framsteg. Eg håpar berre at reglane vert praktiserte, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.*

## 3 års prioritet til stillingar i NRK

<http://torget/personalhandbok/Sider/default.aspx>

**Sidan i vår har reglane om prioritet til stillingar for nynorskpraktikantar og FleRe vore å finne i personalhandboka, men vi tek dei likevel med i kvar statusrapport, for å drive folkeopplysing om at dei finst. Dei ligg også på nettsida vår.**

NRK har hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe, sidan 2008. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trøngen for fleire nynorskbrukarar og flerkulturelle medarbeidrarar. Etter avslutta opplæring har dei tre års prioritet til stillingar dei er fullt ut kvalifiserte for. Dei skal reknast som interne søkjarar, og kan både søkje og få faste stillingar.

Gjeldande formulering vart vedteken 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Slik lyder grunnregelen m/kommentarar og utdjupingar:

## NRKs rekrutteringsprogram

**NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søker i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.**

**Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.**

## Kommentarer og utdyping

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelser i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søker.
- Kvalifiserte flerkulturelle søker (og alle kvalifiserte søker for øvrig i NRK) skal alltid tas inn til intervju (NRKs mangfoldstrategi fra 2011).

## Søknadsfrist 15. oktober



Kull 24 vert lyst ut denne veka, med søknadsfrist 15. oktober. Lysinga finn de på jobbsidene til NRK, nettsida vår og diverse andre nettsider, pluss at vi brukar sosiale medium.

Dei fem heldige som kjem inn på kull 24 vert klare i byrjinga av november. Kullet startar på opplæringa i Førde mandag 4. januar 2016. Frå 2. mai skal dei i ekstern praksis i andre redaksjonar, og tida som nynorskpraktikantar er over til 1. juli 2016.

## Nynorsk journalistpris til Jan Zahl

**Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar gjekk i år til journalist og kommentator Jan Zahl (46) i Stavanger Aftenblad. - Jan Zahl har betydd mykje for nynorsken i eit område, som meir enn nokon andre, har merka språkleg påverknad frå heile verda, heiter det i grunngjevinga frå juryen.**

Prisvinnaren har fartstid frå Dagbladet, Dagsavisen, TV2 og som redaktør i Forskarforum. Han har skrive fleire bøker, mellom dei «Kontroll på kontinentet. Historia om Kaizers Orchestra». Jan Zahl har hovudfag i samanliknande politikk og mellomfag i spansk. Han voks opp på Bryne.



Prisvinnar Jan Zahl fekk 50.000 kroner og eit trykk av Per Kleiva, overrekt av sekretær for juryen, Magni Øvrebotten. Prisen vart delt ut 26. juni i Aasentunet. (Foto: Ivar Myklebust Longvastøl/ Nynorsk avissenter)

– Med røter på Jæren og språkleg medvit i Stavanger Aftenblad i ryggen, har Zahl skrive seg inn i ein tydeleg nynorsk skrifttradisjon. Kritiske blikk på Oslo-makta med Vestlandet som ståstad, målbore på nynorsk, er ikkje kvardagskost i norske medium, skriv juryen i si grunngjeving.

## Demokrati

Same dag som Zahl fekk melding om prisen frå Kulturdepartementet, hadde han på trykk ein kommentar om statsråden, der han konkluderte med at Thorhild Widvey er den svakaste kulturministeren landet har hatt på mange år, og at ho har vist seg som eitt av regjeringas aller därlegaste kort.

– I andre land, ikkje så langt unna, får ein sparken, vert sendt i fengsel eller må døy for slik kritikk. I Noreg risikerer ein å få ein pris. Det er akkurat slik det skal vera, og eit sunnheitsteikn for det liberale demokratiet me bør vera svært glade for at me lever i, sa Zahl i takketalen sin.

– Eg gjer ikkje noko stort nummer ut av at eg skriv nynorsk, eg gjer det berre, akkurat på same måte som eg et, pustar og søv. Og eigentleg er eg mindre oppteken av å skriva nynorsk enn av å skriva godt, sa prisvinnaren.

## Tvisynet

Juryen trekkjer fram Zahls tvisyn, i tradisjonen frå Aasmund Olavsson Vinje.

– Anten han skriv om håplause Oslo- og Stavangerpolitikarar, det skamlause klikkhysteriet i norske medium, eller om den moderne mannsrolla, er det gjort slik at ein må gråta på eine auget og le på det andre, skriv juryen.

Håkon Haugsbø, kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp, er leiar for juryen, med Agnes Ravatn, forfattar og journalist i Dag og Tid, og Svend Arne Vee, redaktør i Firdaposten, som medlemmer. Leiaren for NRK Nynorsk mediesenter er sekretær for juryen. Den oppgåva var Kulturdepartementet si gāve til NRK Nynorsk mediesenter då det vart opna i 2004.

Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar språket, og som er eit føredøme for andre. Prisen vert gjeven til ein dyktig journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i norske medium, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område.

## Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 09.09.2015 har vi sendt frå oss 110 nynorskpraktikantar og 62 % av dei arbeider heil - eller deltid i media. 58 av dei 110 arbeider i NRK.

Totalt har 43 fast arbeid i media, 37 av dei arbeider i NRK. Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, Kulturnytt, Ekko, NRK.no, NRK P3 og ved distriktskontora i Troms, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Sørlandet.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som nyhendeanker i TV 2, i Møre-Nytt, Telemarksavisa, Drammens Tidende, på nettet i Dagens Næringsliv og i produksjons-selskapet Monster.

Andre arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i: Språkrådet, Forbrukarombodet, Norges Bondelag, Barne- og likestillingsdepartementet, Skatt Vest, Changemaker, Senterpartiet, Norske Kunstforeninger og Bisqt Norge.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no). Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

## Kull 22: 4. januar – 30. juni 2015



**Steinar Daltveit** (1989) hadde sommarjobb i NRK P3 og skal seinare i haust til USA, der han skal studere TV-produksjon. **Signe Fuglesteg Luksengard** (1990) er vikar i NRK Supernytt, **Olav Åsen Haugsgjerd** (1988) er tilkallingsvikar i NRK Sørlandet, **Gunhild Årdal** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og **Bård Holmen Solvik** (1985) er tilkallingsvikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende.

## Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



**Elias Engevik** (1995) arbeider som journalist i det militære på Haakonsvern. **Tor-Erik Humlen** (1988) er vikar i P3Morgen. **Ine Eftestøl** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland, **Hibba Sarmadawy** (1987) er tilkallingsvikar i Dagsnytt og **Sigrid Agnetha Hansen** (1989) er vikar i NRK Troms.

## Kull 20: 3. januar – 30. juni 2014



Frå venstre: **Oddbjørn Myklebust Opsal** (1988) er kokk. **Liv Ragnhild Holdhus Sjursen** (1984), er vikar i Kommunikasjonsavdelinga til NTNU. **Guro Kvalnes** (1991) er masterstudent i litteraturformidling ved UiO og tilkallingsvikar i Kulturnytt. **Silje Steinnes Bjerknes** (1988) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal og **Halvor Farsund Storvik** (1981) er vikar i NRK Sogn og Fjordane.

## Kull 19: 19. august 2013 – 28. februar 2014



Frå venstre: **Eirik Hildal** (1985) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, **Britt Kristin Ese** (1985) er frilansar i Bergen og **Idun Fivestad** (1987) lærar i Rindal. **Tale Hauso** (1991) er fast tilsett i NRK Hordaland, med base på lokalkontoret i Odda og **Lars Ivar Nordal** (1986) er vikar i programmet Spillerom i NRK P2.

## Kull 18: 3. januar til 30. juni 2013



**Vegar Tjørhom** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks, **Adalheidur Oldeide** (1988) er vikar i Bergens Tidende. **Inger Johanne Ruset** (1985), er fast tilsett som dagleg leiar for kulturhuset i Brattvåg. **Hanne Våge** (1992) er fast tilsett som vaktsjef/reporter i P3 Nett og **Trond Espen Bjoland** (1993) studerer historie ved Universitetet i Bergen.

## FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:



Kull 23 ved NRK Nynorsk mediesenter og kull 5 ved Nynorsk avissenter (Foto: Ivar Longvastøl/Nynorsk avissenter)

**NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

**NRK FleRe** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

**Nynorsk avissenter** – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kjempa seg hausten 2014 inn på statsbudsjettet med ei løyving på 2,2 mill. kroner. Firda Media og eigaren Amedia gjekk inn med 600.000 kroner i året. Nynorsk avissenter er samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.